


# Med blikket festa på barnet – gjennom bekymringsmelding, undersøking og hjelpetiltak

Prosjektet handler om barnevernstenesta sitt arbeid med bekymringsmeldingar, undersøkingar og hjelpetiltak, der vi vil styrke forvaltningsprosessane gjennom utvikling av verktøy som samtalekort og malar.



## Hovudmål

Hovudmålet er å utvikle konkrete verktøy som kan bidra til å kvalitetssikre handtering av bekymringsmeldingar, gjennomføring av undersøkingar, og styrke hjelpetiltaksarbeidet i kommunane.

Prosjektet vil gjennom konkrete verktøy og malar bidra til å styrke og sikre forvaltningsprosessar og vurderingar av barnets beste i alle fasar av ein barnevernssak. Prosjektet vil ha eit tydeleg utgangspunkt i barnets behov i sentrum og sikre at denne kunnskapsmodellen omsettast til praksis. Prosjektet vil og ta utgangspunkt i oppdaterte retningslinjer og føringar for behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar, samt grunnmodell hjelpetiltak.

## Hovudinnhaldet og aktivitet i prosjektet framover:

- Overføre grunnforståing og prosessarbeid frå «Frå barnets vindaug» til meldingsarbeid, undersøking- og tiltaksarbeid.
- Vidareutvikle, implementere, integrere og foredle Landsbymodellen som ein felles fagleg grunnforståing i tenestene.
- Utvikle og implementere ein systemisk tilnærming med fokus på nettverksbaserte arbeidsprosessar i arbeid med bekymringsmeldingar, undersøkingar og hjelpetiltak.
- Utvikle og implementere malar og samtalekort til kontaktpersonar og tiltakspersonar.
- Sikre heilheit og samanheng for utsette familiar som barnevernstenestene er i kontakt med, og for kontaktpersonar og tiltakspersonar i barnevernstenesta.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Silje Samland, prosjektleiar på e-post: [silje.samland@oygarden.kommune.no](mailto:silje.samland@oygarden.kommune.no)

Hege Gundersen, barnevernsleiar Øygarden kommune på e-post: [hege.gundersen@oygarden.kommune.no](mailto:hege.gundersen@oygarden.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Askøy og Øygarden barnevernteneste og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernteneste i Vestland. Prosjektet starta opp hausten 2024 og skal etter planen vare til hausten 2025.

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)